

*Nordsjøkommisjonen vart oppretta i 1989 som ein geografisk underkommisjon av Conference of Peripheral Maritime Regions (CPMR). Organisasjonen har i dag 31 medlemmar som representerer 8 land rundt Nordsjøen. Nordsjøkommisjonen er først og fremst ein politisk organisasjon – ein arena for regionar rundt Nordsjøen til å samordne interesser, samarbeide og utvikle politikk. Arbeidet i NSC vert styrt av strategidokumentet North Sea Region 2020. Strategien blir operasjonalisert gjennom arbeid i dei tematiske gruppene.*

## **Rapportering frå NSC thematic groups**

**Gruppe:** Transport

**Representantar frå Hordaland:**

Matti Torgersen

Forfall frå Nils T. Bjørke

### **Tid og sted**

15. juni 2016 i Billund (DK)

### **Hovudsaker**

Dagsorden følgjer ein fast mal med m.a. følgjande punkt:

- Informasjon frå medlemsregionane
- Clean shipping
- Clean transport
- TEN-T og Connecting Europe Facilities
- Transportrelaterte søknader til Interreg Nordsjøen
- Saker vedr. Nordsjøkommisjonen og CPMR

### **Aktuelle saker for Hordaland (kva var viktig for Hfk)**

Informasjon frå medlemsregionane: Sambanda over Limfjorden i Danmark er i ferd med å nå kapasitetsgrensa for lastebilar, nok som kan få negative effekt for ferjetrafikken til Norge og Sverige. Det vart oppmoda om politisk støtte frå politikarar i desse to landa for å få prioritert sambanda.

Tidlegare planar for høgfartbaner i Danmark er reversert, mens i Sverige er det under planlegging av høgfartbaner mellom Gøteborg og Malmø og Stockholm. Det er også peikt på behov for utvikling av banene mellom Oslo og hhv Gøteborg og mot Stockholm med dobbeltspor, men det er ingen konkrete planar førebels.

Hordaland orienterte om prosessen med nye ferjeanbod og om støtta frå Enova.

Clean Transport: Det er utarbeida eit notat med oversyn over bruk av alternativ drivstoff i transport i medlemsregionane.